

## **Forslag til korleis du som elev kan skrive ein klage**

Til rektor ved ..... skole

dato:

### **Klage på ..... skole sitt vedtak om psykososialt miljø**

#### **Bakgrunn for klagen**

*Kvifor klagar du? Kva har skjedd? Her er nokre døme på kva som kan vere grunnen. Du kan krysse av og fylle inn meir informasjon. Hugs at om tiltaka ikkje har fungert, etter at dei er prøvde ut, skal du ikkje klage, men be om nye tiltak.*

- Du har bedt om at skolen skal gjere noko med skolemiljøet, men du har ikkje fått svar.
- Skolen vil setje i gang tiltak for å gjere skolemiljøet betre, men du er ikkje nøgd med tiltaka dei vil setje i gang.
- Skolen gjennomfører ikkje dei tiltaka som dei har sagt dei skal gjere.
- Andre årsaker.

Eg er ikkje nøgd med skolen sine tiltak fordi

.....  
.....

#### **Kva for tiltak meiner eg vil hjelpe?**

*Du kan foreslå kva skolen kan gjere som du meiner kan hjelpe. Ver konkret! Du treng ikkje foreslå noko. Den personen som behandlar klagen, må lytte til det du ber om.*

Eg meiner skolen bør

.....  
.....

#### **Kva seier lova?**

Vi elevar har rett til eit godt skolemiljø der vi er trygge, trivst og kan lære. Det står i opplæringslova § 9a-1. Skolen skal syte for at det psykososiale miljøet fører til at vi som er elevar, føler tryggleik og sosialt tilhør. Det står i opplæringslova § 9a-3 første ledd.

Det avgjerande er korleis vi oppfattar det psykososiale miljøet. Skolen har plikt til å oppfylle våre rettar, og rektor har ansvaret for den daglege oppfølginga.

Helsing

**Kopi** til Fylkesmannen i ditt fylke

Kontaktinformasjon finn du på [www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no)